



KONTROLLUTVALET I VÅGÅ

MØTEBOK - PROTOKOLL

Møtestad Vågå kommunehus		Møtedato: 15. februar 2017		Frå kl. 09:00	Til kl. 11 :00
Møteleiar:	Ove Turtum				
Møteinnkalling: (kunngjering)	Innkalling av 5. februar 2018				
Representantar som er borte:					
Vararepr. som er tilstades:					
Til stades:	I alt: <i>3</i>	Av desse ordinære medl.: 2			
Merknad:	Ingen merknad.				
Andre frammøtte:	Sekretær Morten Sørhage førte møteboka				
Saker som vart drøfta:	Sak nr. 1 - 6				
Merknader til møteboka:	Ingen merknad.				
Underskrifter:	 Ove Turtum Bjula Marie Ulsletten Ivar Vald vik				

Protokoll frå utvalsmøtet sendt til:

- Medlemmane og varamedlemmane av kontrollutvalet.
- postmottak@vaga.kommune.no samt ordførar og administrasjonssjef
- Innlandet Revisjon IKS
- Presse

MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	15. februar 2018	Kontrollutvalet	01/18

Vedlegg:

- Framlegg til årsmelding 2017
- Oppfølging KU 2017

KONTROLLUTVALET'S ÅRSMELDING FOR 2017

Saksframstilling:

I følge kommunelova § 76 har kommunestyret det øvste tilsynsansvaret med den kommunale forvaltninga. Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval til å utøve tilsynet med den kommunale forvaltninga på sine vegne.

I samsvar med kommunelova § 77 nr. 6 skal kontrollutvalet rapportere resultatane av sitt arbeid til kommunestyret. Dette kan gjerast via kontinuerleg rapportering, årsmelding, eller ein kombinasjon av desse to måtane. Kontrollutvalet i Vågå gjev gjennom si årsmelding ei samla orientering til kommunestyret om utvalet si verksemd gjennom året.

Forslag til innstilling:

Kommunestyret tek kontrollutvalets årsmelding for 2017 til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet gjekk gjennom forslaget til årsmelding. Det var ingen kommentar til innhaldet i årsmeldingane.

Innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret tek kontrollutvalets årsmelding for 2017 til orientering.

MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	15. februar 2018	Kontrollutvalet	02/2018

Vedlegg:

Kundebrev frå Innlandet Revisjon IKS
 Status forvaltningsrevisjon

ORIENTERING FRÅ INNLANDET REVISJON IKS

Samarbeidet med Innlandet Revisjon IKS kom i stand 1.1.18. Kommunane er i gang med årsavslutning 2017. I samband med dette har Innlandet Revisjon IKS sendt over orienteringsbrev med saksgangen i revisjonstenesten.

Vågå kontrollutval bestilte i 2018 forvaltningsrevisjonsprosjektet *sjølvkost*. Innlandet Revisjon IKS har starta opp arbeidet og meiner å kunne bli ferdig våren 2018.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet drøfta saka. Det var ingen kommentar til orienteringa.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	15. februar 2018	Kontrollutvalet	03/2018

ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Rådmannen skal etter kommunelova §23, 2. syrgje for at administrasjonen er driven etter lov, forskrift og overordna instruks.

Etter årsplanen vil kontrollutvalet ha gjennomgang av interkontrollsystemet.

Representant(ar) frå administrasjonen stiller med orientering om tilhøva.

Handsaming:

Ingen frå administrasjonen kunne møte. Kontrollutvalet utset derfor gjennomgangen til neste møte.

MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	15. februar 2018	Kontrollutvalet	04/2018

Vedlegg:

Reglement for godtgjersle m.m. for folkevalde og kommunale ombud

REGLEMENT GODTGJERSLE FOLKEVALGTE

Under sak 24/2017 Arbeidsmøte 7.12.17 vart det protokollert at kontrollutvalet bad sekretær innhente:

Kommunens retningslinjer for representasjon og kostnadsdekning.

Sekretær sendte førespurnaden 21. desember 2017. Administrasjonen i Vågå kommune svarta 28. desember på førespurnaden. Dei har ikkje vedtekne retningslinjer for representasjon. Reglement for godtgjersle til folkevalgte er vedlagt.

Kommunestyret i Vågå vedtok reglementet i sak 36/08. Reglementet vart revidert i 14.5.13 i sak nr. 30/13.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet drøfta saka. Dei registrerer at det ikkje er reglement for representasjon. Dei meiner dette er ein mangel, og vil ta opp saka. Formelt må saka sendast via kommunestyret, da kontrollutvalet ikkje har instruksjonsrett.

Kontrollutvalet har ingen kommentar til godtgjersle for folkevalde.

Innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret ber administrasjonen greie ut reglement for representasjon.

MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	15. februar 2018	Kontrollutvalet	05/2018

REVISJON REGIONRÅDET

Under sak 24/2017 Arbeidsmøte den 12. desember 2017 vart protokollført:

Sekretær innhentar Revisjonsavtale regionråd. Kontrollutvalet vil ha oversikt over kostnad med revisjon og når avtalen har vore lagt ut på anbud.

Sekretær sendte førespurnad. I mail av 21.12.17 oversendte regionrådet engasjementsbrev og kostnadsoversikt. Dette syner at avtalen var lagt ut på anbud i 2007. Revisjonshonorar utgjorde i 2016 kr. 60 800 eks. m.v.a.

Vurdering:

Oppgåvene er heimla i kommunelova §77 og har tilsynsansvar med at det blir ført kontroll med forvaltninga.

Kontrollutvalet har fått etterspurt informasjon. Opplysningane syner at det ligg føre revisjonsavtale med Ernst & Young AS. Etter oppdragsavtalen kjem fram at oppdragsansvarleg er statsautorisert revisor. Ein kan da ikkje sjå anna enn at det føreligg godkjende kontrollordningar. Ut frå dette går ikkje sekretær nærare inn i saka.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet gjekk gjennom informasjonen. Dei har ingen kommentar til utgreiinga.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	15. februar 2018	Kontrollutvalet	06/2018

OPEN POST

Kontrollutvalet etterspurde attendemelding om vedlikehaldsplan. Sekretær følger opp saka.

Kontrollutvalet ber sekretær innhente informasjon om oppfylgingssystem som femnar aktivitetsplikt av arbeidssøkjande ungdom, samt oversikt over evt. regionalt samarbeid på området.